Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 , tilleggsliste

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. , helsing, fakter. åtferd

Herad: Otterøy

Emne: sjå oppfor

Bygdelag: Otterøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja

(adresse):

G.nr. 19 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Under arbeidet gjorde dei det slik at han dei syntest ikkje arbeidde nok, vart ståande for seg sjølv på ein holme, når dei slo eller skar: se'te han på holmen. Når dei hadde kvar sin like breie teig, og ein i midten vart etter, kan det hende at dei som arbeidde på sidene, kom langt framom og kom saman med teigane sine, og han i midten vart ståande på ein holme, og det var ei skam. Han måtte da arbeide stridare for å koma seg av holmen. Også ved ymse anna arbeid, der det galdt å fara over eit areal, kunne dei gjera slik. Ofte kunne det kanskje berre vera for å preinast.
2. Har ikkje mine om sånt, men har ventelig i si tid vori brukt, også her.
3. Også dette har ventelig i si tid vori brukt som refsing eller harselas, men eg har inkje minne om det.

B. Ved å sette namn på folk.

4. Har ikkje høyrd noko slikt namn, men det vart haldi svært uhøvelig å gå på gjesting 1. juledag, og det var visst ingen som gjorde det, eller nesten ingen.
5. Dei fekk sitte på stabben/ julekvelden.
6. Kan hugse namn som: seigost, treighund, stjelbukk, stribukk, tverrver og mange andre som dels enno kan vera i bruk.

9/4 - 1953.

Johs. Ekker.

7761

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING